

Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF

Tid: 03.11.2010
Møtestad: Helse Vest RHF, Nådlandskroken 11

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Oddvard Nilsen	Styreleiar
Aud Berit Alsaker Haynes	Nestleiar
Ohene Aboagye	Medlem
Gunnar Berge	Medlem
Gerd Dvergsdal	Medlem
Gisle Handeland	Medlem
Torill Selsvold Nyborg	Medlem
Gro Skartveit	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Lise Karin Strømme	Medlem
Aslaug Husa	Medlem
Reidun Nyborg Johansen	Medlem

Forfall frå styret

Nils P. Støyva

Deltakarar frå administrasjonen:

Administrerande direktør Herlof Nilssen
Fagdirektør Baard-Christian Schem
Eigardirektør Ivar Eriksen
Økonomi- og finansdirektør Per Karlsen
Personal- og organisasjonsdirektør Hilde Christiansen
Konst. kommunikasjonsdirektør Elisabeth Huse
Torunn Nilsen referent

Sakliste

- | | |
|----------|--|
| 111/10 B | Godkjenning av innkalling og dagsorden |
| 112/10 B | Godkjenning av protokoll frå styremøte 06.10.2010 |
| 113/10 O | Administrerande direktør si orientering |
| 114/10 B | Rapportering frå verksemda per september 2010 |
| 115/10 B | Godkjenning av forprosjekt for dag- og thoraxkirurgi i Sentralblokka i Helse Bergen HF |
| 116/10 B | Rapport om miljøsertifisering av helseføretaka i Noreg |
| 117/10 B | Eventuelt |

Styret deltok på opninga av Schizofrenidagane 2010 i Stavanger i forkant av styremøtet

111/10 B Godkjenning av innkalling og dagsorden

Forfall:

Styreleiar orienterte om at Nils P. Støiva har gitt melding om at han går ut av styret. Han var difor ikkje til stades på møtet.

Styreleiar orienterte om at følgjande dokument var delt ut i møte:

Til sak 113/10 O AD si orientering nytt pkt 8 - Høyring om forslag til endringar i forskrift 18. desember 2001 nr. 1539 om godkjenning av sjukehus m.m og om forslag til endringar i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetenesta m.m:

- forslag til høyringssvar

Til skriv og meldingar:

- Brev frå Helse Vest RHF til Advokatfirmaet Harris, dagsett 26.09.10 "Søknad om økt investeringsramme fra Helse Førde - oppfølging av vedtak om omstilling"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet til Helse Førde HF, dagsett 29.10.10 "Varsel om pålegg"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 26.10.10 "Tilsynsrapport - Tilsyn med fødeavdelingene ved Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF"
- Brev frå Brukerutvalget Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 25.10.10 "Vedrørende regionalt kompetansesenter for eldremedisin"
- Brev frå Brukerutvalget Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 25.10.10 "Angående korttidsrehabilitering"
- Brev frå Eid kommune til Helse Vest RHF, dagsett 20.10.10 "Invitasjon til møte med Eid kommune om Nordfjord Sjukehus"
- Brev frå Helse Vest RHF til kommuner i Nordfjord, dagsett 26.10.10 "Invitasjon til møte om Nordfjord sjukehus"
- Brev frå Helse Vest RHF til kommuner i Indre Sogn, dagsett 27.10.10 "Invitasjon til møte om Lærdal sjukehus"

Styreleiar orienterte om 3 nye pkt på AD si orientering:

Pkt 8: Høyring om forslag til endringar i forskrift 18. desember 2001 nr. 1539 om godkjenning av sjukehus m.m og om forslag til endringar i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetenesta m.m

Pkt 9: Orientering om møteverksemid knytt til strategiprosessen i Helse Førde HF

Pkt 10: Anskaffing av tenester innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB) frå private ideelle leverandørar

Lukka del:

Styreleiar orienterte om at møtet blei lukka under behandlinga av sak 113/10 O Pkt 10
Anskaffing av tenester innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB)
frå private ideelle leverandørar, med heimel i Offentleglova § 23, 1. ledd.

Eventuelt:

Det blei ikkje meldt saker til eventuelt

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

112/10 B Godkjenning av protokoll frå styremøte 06.10.2010

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå 6. oktober 2010.

113/10 O Administrerande direktør si orientering

Ope del

1 Bruk av korridorpassar i Helse Stavanger

Psykisk helsevern:

- Auka bruk av korridorpassar: 6, 12 og 9 plassar i dei siste tre vekene

Somatikk:

- Korridorpassar: Held seg framleis på vel 20 plassar i snitt per veke
- Bruk av pasienthotellet ligg på 40 – 50 pasientar i snitt.
- Helse Stavanger klarar framleis ikkje å løfte bruken av pasienthotellet i tråd med mål

2 Bruk av korridorpassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen

I motsetning til i september der det ikkje blei nytta korridorpassar innan psykisk helsevern i Helse Bergen, er det oktober 2010 nytta 15 korridorpassar fordelt på 7 dagar

3 Prosess for val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF

Forskrifta for val av dei tilsette sine representantar til styret vart sett i verk i 2003.

Førre val vart gjennomført i mars 2009. Sak om val av styremedlemmer vald av og blant dei tilsette vart sist handsama i styremøte 5. november 2008. og styret blei orienterte at det var gjennomført val av nye styremedlemmer valt av og blant

dei tilsette, med verknad frå 1. mars 2009 i styremøte 4. mars 2009.
Valstyret frå 5. november 2008 har ikkje hatt oppgåver utover gjennomføring av sjølv
valet i 2009.

Val av styremedlemmer valt av og blant dei tilsette til styret i Helse Vest RHF og
helseføretaka sine styre skal gjennomførast på ein best mogleg samordna og samla
måte for å utnytte ressursane og avgrense kostnadane så langt dette er mogeleg. Det
vil bli tatt initiativ overfor føretaka for å få til ein samordna prosess slik ein har hatt ved
tidlegare val.

Valet skal vere gjennomført innan utløpet av mars 2011.

I samsvar med ønske frå konserntillitsvalde var styret samde i å vidareføre valstyret
som blei oppnemnt av styret i Helse Vest RHF i møte 5. november 2008 med følgjande
samansetting:

1. Leiar: Aslaug Husa, Styremedlem Helse Vest RHF, vald av og blant dei
tilsette
2. Nestleiar: Reidun Mattingsdal
3. Medlem: Hilde Christiansen, personal- og organisasjonsdirektør Helse Vest
RHF

4 Orientering til styret om status for ambulansetenesta

Ambulansetenesta i dei fire helseføretaka er underlagt forskrift om krav til
akuttmedisinske tenester utanfor sjukehus frå 2005. Denne forskriften har klare
kompetansekrav til dei som skal arbeide innan ambulansetenesta, jf §17 2. ledd.
Alle helseføretak har arbeida aktivt for å sikre at ambulansetenesta oppfyller
kompetansekrava som er gitt i forskrift. Helseføretaka har sett i verk ulike tiltak for å
sikre at medarbeidarane oppfyller krava til minimumskompetansen. Føretaka har også
sett i verk tiltak for at flest mogleg av medarbeidarane skaffar seg fagbrev og
autorisasjon som ambulansearbeidrarar. I tillegg har helseføretaka sett i verk ulike
organisatoriske tiltak som sikrar at ambulansetenesta har rett kompetancesamansetting.

Dei største utfordringane med å sikre rett bemanning og kompetanse til
ambulansetenesta er i Helse Førde.

I Helse Førde pågår eit arbeid for å betre kvaliteten og heve kompetansen i
ambulansetenesta og situasjonen er no at 120 av 150 medarbeidarar har autorisasjon
som ambulansearbeidrarar, altså 80 prosent av medarbeidarane i ambulansetenesta.
Føretaket har auka talet på læreplassar i ambulansefaget, etablert lærekontraktar med
vaksenlærlingar og gjennomfører ambulansekurs/forskriftskurs tilsvarende minstekrava i
forskriften. Tiltaka gjer at føretaket, per oktober 2010, innfri kompetansekrava på 19 av
22 stasjonar. Utfordringane til Helse Førde er i all hovudsak knytt til tre stasjonar, Selje
stasjon, Vik Stasjon og Svelgen stasjon.

Statens Helsetilsyn har i brev frå Helsetilsynet til Helse Førde HF, dagsett 29.10.10 gitt
varsle om pålegg. Helse Førde har fått frist på 4 veker til å gjere greie for korleis
helseføretaket vil sikre at drift og bemanning av ambulansetenesta er i samsvar med
gjeldande myndigheitskrav.

5 Orientering om relevante lover, forskrifter og myndigheitskrav i perioden 20.09.10 - 17.10.10

Administrasjonen viste til utsendt notat.

6 Oversikt over tilsyns-, kontroll- og klagesaker i perioden 20.09.10 - 17.10.10

Administrasjonen viste til utsendt notat.

7 Oversikt over aktuelle høyringar per 17.10.10

Styret ønskte å behandle følgjande høyningsuttaler på styremøte i januar:

Stoltenbergutvalet. Rapport om narkotika

Forslag til ny folkehelselov

Forslag til ny kommunal helse- og omsorgslov
Høyring – innspel på utvalde tema til Nasjonal helse- og omsorgsplan (2011 – 2015)

- 8 Høyring om forslag til endringar i forskrift 18. desember 2001 nr. 1539 om godkjenning av sjukehus m.m og om forslag til endringar i lov 2. juli 1999 nr. 61 om spesialisthelsetenesta m.m**
Administrasjonen orienterte om tilbakemeldingane frå helseføretaka i denne høyringsprosessen og forslag til høyringsbrev var framlagt i møtet.
- 9. Orientering om møteverksemd knytt til strategiprosessen i Helse Førde HF**
Administrerande direktør oppsummerte frå dialogmøte på Nordfjordeid sjukehus 2. november og informerte om tilsvarende møte på Lærdal sjukehus 4. november.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldingane til orientering.

114/10 B Rapportering frå verksemda per september 2010

Oppsummering:

Til dels store endringar i innsatsstyrt finansiering (ISF) frå 2009 til 2010 gjer at det er vanskeleg å samanlikne den somatiske aktiviteten med tilsvarende tal for 2009. Samanlikna med budsjettet aktivitet er den samla DRG-produksjonen per september 1,4 % høgare enn det HF-a i sum har budsjettet med.

Ventetidsutviklinga slik den ser ut per september 2010 viser at sjølv om dei gjennomsnittlege ventetidene som forventa gjekk ned frå august til september, er dei framleis lengre enn for eit år sidan innan somatikken. Innan BUP og psykisk helsevern for vaksne er dei gjennomsnittlege ventetidene for prioriterte pasientar kortare enn ved utgongen av september 2009, medan ventetidene er lengre for pasientar utan prioritet. Innan alle fagområde er ventetidene framleis kortast for dei prioriterte pasientane. Dette gjeld både for pasientar som er tatt til behandling og for pasientar som framleis ventar. Epikrisetidene held seg stabile rundt 75 % innan psykisk helsevern og rundt 65 % innan somatisk sektor.

Akkumulert resultat pr september er positivt med kr 116,9 mill som er kr 7,3 mill dårlagare enn budsjett. Helse Førde rapporterer at dei forventar å få eit resultat som er kr 20 mill dårlagare enn budsjett ved årets slutt. Dei andre føretaka opprettheld sine prognosar frå førre rapportering.

Helse Vest vil ha ei tett oppfølging av likviditetssituasjonen framover men vurderer samla sett driftskredittramma til å vere tilstrekkeleg.

Sjukefråværet for føretaksgruppa var 5,9 % per august. Sjukemeldt sjukefråvær var 5,1 % i august noko som er ein liten nedgang frå tala i juli. Tal einingar som har eit sjukefråvær på 5,5 % eller lågare var i august 68,8 %.

Netto månadsverk for føretaksgruppa Helse Vest per oktober 2010 var 17 132. Samanlikna med september 2010 er det ei auke på 256 netto månadsverk og samanlikna med oktober 2009 er det ei auke på 473 netto månadsverk.

Tiltrua til spesialisthelsetenesta er denne månaden på 80 prosent, ned 1 prosentpoeng frå august. Inntrykket av det regionale helseføretaket ligg i september på 62 prosent, det høgaste nivået som er målt sidan målingane starta.

Styret la vekt framleis tett oppfølging av prosessen med å få ned ventetid og fjerne fristbrot i helseføretaka.

Styret var svært nøgd med den gode utviklinga i sjukefråværet.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tok rapportering frå verksemda per 30. september 2010 til etterretning.

115/10 B Godkjenning av forprosjekt for dag- og thoraxkirurgi i Sentralblokka i Helse Bergen HF

Oppsummering:

Nye lokale for dagkirurgi og thoraxkirurgi er det delprosjektet som Helse Bergen har gitt høgast prioritet i samband med ombygging av sentralblokka.

Arkitekt vart engasjert våren 2009, mens prosjekteringsteamet vart styrkt med rådgjevande ingeniørar og ein utstyrsplassleggjar rundt årsskiftet 2009/2010. Frå våren 2009 har det vore styringsdialog om prosjektet mellom Helse Vest og Helse Bergen.

Planane for nye lokale for dag- og thoraxkirurgi er no ført fram til forprosjekt.

Hovudkonklusjonen er at Helse Bergen kan gjennomføre prosjektet med dag- og thoraxkirurgi i sentralblokka innan 2013 med dei kalkylane som går fram av forprosjektet, og innan dei rammene som er sett av til ombygging i sentralblokka for denne perioden.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret i Helse Vest RHF godkjende forprosjekt for nye lokale for dag- og thoraxkirurgi ved Haukeland universitetssjukehus Helse Bergen HF.
2. Forprosjektet vert lagt til grunn for vidare detaljprosjektering og anbodsinnhenting.
3. Kostnadsramma for prosjektet vert sett til 306 mill kroner (prisnivå august 2010) medrekna utstyr, meirverdiavgift og avsetnad for forventa tillegg og marginar.
4. Helse Bergen HF må identifisere og implementere naudsynte tiltak for å handtere ein auka driftsutfordring som følgjer av vedteke investeringsprosjekt. I tillegg må Helse Bergen HF implementere tiltak for å møte auka resultatkrav frå kr 110 mill i 2010 til kr 220 mill i 2014.
5. Helse Bergen må etablere eit system for organisering og gjennomføring av prosjektet som sikrar at prosjektet blir realisert som føresett og innan vedteken kostnadsramme.

116/10 B Rapport om miljøsertifisering av helseføretaka i Noreg

Oppsummering:

Det nasjonale miljø- og klimaprosjektet har vurdert innføring av miljøleiing og miljøsertifisering av norske helseføretak. I rapport datert april 2010 blir det rådd til at alle helseføretak implementerar standardiserte miljøstyringssystem, og at det blir satt mål om at helseføretaka blir miljøsertifiserte innan utgongen av 2014.

Prosjektet vil utarbeide ein detaljert gjennomføringsplan som også vil omtale den nærmare organisering av eit samla gjennomføringsprosjekt, mellom anna med oppstart av pilotar. Gjennomføringsplanen vil bli innarbeidd som del av sluttrapporten frå prosjektet. Sluttrapporten vil føreliggje i desember 2010.

Vedtak (samrøystes):

Styret slutta seg til tilrådingane i rapporten "Innføring av miljøledelse og miljøsertifisering av spesialisthelsetjenesten".

B 117/10 Eventuelt

Ingen saker blei behandla under eventuelt.

Skriv og meldingar:

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Brev frå Helse Vest RHF til HOD, dagsett 24.09.10
"Rapportering frå verksemda"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Karmsund ABR senter, dagsett 06.10.10
"Tilsyn med bruk av kontrolltiltak ved opphold i rusinstitusjoner Karmsund ABR senter Avaldsnes ressurssenter – oversendelse av endelig rapport"
- Brev frå HOD til RHF-a, dagsett 04.10.10 "Forespørsel frå Stortingets utredningsseksjon"
- Kopi av brev Personalgruppa ved UPH, dagsett 05.10.10 "Ad. Drifta ved Ungdomsavdeling for psykisk helsevern (UPH)"
- Brev frå Årdal kommune til Helse Vest RHF, dagsett 1.10.10 "Melding om vedtak - Områdeplan for svangerskap, fødsels- og barselomsorga i Helse Førde - uttale frå Årdal kommunestyre"
- Kopi av brev frå Vågsøy kommune til Helse Førde HF, dagsett 07.10.10 "Områdeplan for svangerskap, fødsels- og barselomsorga i Helse Førde"
- Kopi av brev frå Nordfjordrådet til Helse Førde HF, dagsett 08.10.10 "Fråsregn frå Nordfjordrådet til områdeplan for svangerskaps- fødsels- og barselomsorga i Helse Førde 2010-2013 "
- Kopi av brev frå kommunelege i Vågsøy kommune til Helse vest RHF, dagsett 06.10.10 "Planar for svangerskaps-, fødsel- og barselomsorga i helse- foretaka - organisering av arbeidet "

Følgjande skriv og meldingar var delt ut i møte:

- Brev frå Helse Vest RHF til Advokatfirmaet Harris, dagsett 26.09.10 "Søknad om økt investeringsramme fra Helse Førde - oppfølging av vedtak om omstilling"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet til Helse Førde HF, dagsett 29.10.10 "Varsel om pålegg"
- Kopi av brev frå Helsetilsynet i Rogaland til Helse Stavanger HF, dagsett 26.10.10 "Tilsynsrapport - Tilsyn med fødeavdelingene ved Stavanger Universitetssjukehus, Helse Stavanger HF"
- Brev frå Brukerutvalget Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 25.10.10 "Vedrørende regionalt kompetansesenter for eldremedisin"
- Brev frå Brukerutvalget Helse Stavanger HF til Helse Vest RHF, dagsett 25.10.10 "Angående korttidsrehabilitering"
- Brev frå Eid kommune til Helse Vest RHF, dagsett 20.10.10 "Invitasjon til møte med Eid kommune om Nordfjord Sjukehus"

- Brev frå Helse Vest RHF til kommuner i Nordfjord, dagsett 26.10.10 "Invitasjon til møte om Nordfjord sjukehus"
 - Brev frå Helse Vest RHF til kommuner i Indre Sogn, dagsett 27.10.10 "Invitasjon til møte om Lærdal sjukehus"
-

Lukka del jf Offentleglova § 23, 1. ledd

Møtet var lukka under handsaming av sak 113/10 O pkt 10 - jf Offentleglova 23 1.ledd

113/10 O Administrerande direktør si orientering

10. Anskaffing av tenester innan tverrfagleg spesialisert behandling av rusmiddelavhengige (TSB) frå private ideelle leverandørar

Administrasjonen orienterte om at Helse Vest RHF i desse dagar sluttfører ei anskaffing av tenester frå private ideelle leverandørar innan tverrfagleg spesialisert behandling for rusmiddelavhengige (TSB). Dei nye avtalene trer i kraft frå 1. januar 2011 og vil gi eit betre tilbod til rusmiddelavhengige i regionen. Nye og sakna tilbod som akutte tenester i krisesituasjoner, ambulante og oppsøkjande tenester og døgnplassar for stabilisering og utgreiling kommer på plass. Det polikliniske tilbodet vert betydeleg styrka.

Vedtak (samrøystes):

Styret tok meldinga til orientering.

Ref. Torunn Nilsen

03.11.2010

Oddvard Nilsen
Styreleiar

Aud Berit Alsaker Haynes
Nestleiar

Ohene Aboagye

Gunnar Berge

Gerd Dvergsdal

Gisle Handeland

Torill Selsvold Nyborg

Gro Skartveit

Lise Karin Strømme

Helge Espelid

Reidun Nyborg Johansen

Aslaug Husa